



Rili Eiendom AS  
Rossnesvegen 71  
5937 BØVÅGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/1041 - 17/6521

Saksbehandlar:  
Einar Færø  
einar.faero@radoy.kommune.no

Dato:  
18.05.2017

## 24/3 Dispensasjon frå avstandskravet mot veg

Delegasjonssak nr.: 133/2017

Me viser til dykkar søknad om oppføring av bustad. Tiltaket krev dispensasjon frå avstandskravet mot veg.

Det fylgjer av pbl. § 29-4 første ledd andre punktum at kommunen skal påsjå at veglovas bestemmelse om byggjegrænse og friskt vert følgd. I dette ligg det at før kommunen gjev tillatelse til byggverket sin plassering må kommunen sjå til at løyve ikkje vil vera i strid med veglova sine bestemmelse. Pbl § 29-4 gjev altså kommunen heimel til å avslå søknaden dersom vegmynda ikkje gjev tillatelse etter veglova.

Tiltaket det her vert søkt om ligg til ein mindre trafikkert kommunal veg. Området er regulert, men det er ikkje sett byggjegrænse mot veg og avstanden skal difor vera 15 meter som bestemt i veglova § 29, andre ledd.

Plasseringa av tiltaket som her er søkt om vil på det minste vera om lag 11 m frå vegmidte.

Kommunen vurderer likevel tiltaket til ikkje å vera til hinder for friskta. Vurderinga er også gjort på bakgrunn av mellom anna trafikkmengde og type trafikk. Det er også mange andre tiltak i området som har tilsvarende plassering i høve til vegmidte.

Vegmynda godkjenner difor plassering av tiltaket slik søkt om.

### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt leiar teknisk drift Einar Færø.

Med helsing

Einar Færø  
leiar teknisk drift

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Line Hervig  
Stian Marøy

**Mottakere:**

Rili Eiendom AS

Rossnesvegen 71 5937

BØVÅGEN